

REGLAR FOR VERNSKOGFORVALTNING

i

Bygland kommune

i

Aust-Agder fylke

SKOGBRUKSLOVA SINE¹ REGLAR OM VERNSKOG

I Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965 er det fastsett reglar for vernskog i kapittel VI, Vernskog, § 32 og 33.

Paragrafane i skogbrukslova har følgjande ordlyd:

§ 32. Hva loven forstår med vernskog og hvordan denne skal avgrensas.

- Departementet ¹⁾ kan fastsette at skog - eller visse arter av skog - skal anses som vernskog når den skjønnes å tjene som vern mot skred og ras, elvebrudd, skadeflom, sandflukt eller lignende eller til særlig vern for annen skog, dyrket jord eller bebyggelse.

Det samme gjelder skog som på grunn av sin beliggenhet opp mot fjellet, ut mot havet eller høyt mot nord har så vanskelige foryngelsesforhold eller så liten veksterlighet at den kan ødelegges ved mishandling eller feilaktig hogst.

Departementet ¹⁾ utarbeider forslag til grenser etter at landbruksnemnda og fylkeslandbruksstyret har uttalt seg om hvordan grensene bør bestemmes. Departementets forslag sendes kommunestyret til uttalelse. Går de foreslåtte grenser gjennom flere kommuner, skal saken forelegges kommunestyrene i de kommuner som berøres. Vedkommende kommunestyre(r) skal legge forslaget ut til ettersyn i minst 4 uker etter at forslaget er kunngjort på en måte som er vanlig for kommunale saker. Forslaget sendes deretter med kommunestyrets uttalelse til departementet, som treffer den endelig avgjørelse om grensene.

Grensene skal - om det finnes nødvendig - avmerkes i marken. Utgiftene med avmerking som er påbudt av departementet bæres av staten med 3/4 og av vedkommende kommune med 1/4.

Bekreftet avskrift av de til enhver tid gjeldende bestemmelser om vernskoggrenser skal ligge tilgjengelig hos vedkommende lensmann og ordfører.

1) Etter føresegn av 15. mai 1991 har departementet overført fullmakt til fylkeslandbruksstyret. Det er derfor fylkeslandbruksstyret som skal treffe endelig vedtak om grense for vernskogen i den einssilde kommune etter at kommunestyret har kome med uttale.

§ 33. Regler for avvirkning

Når skogoppsynet ikke har fastsatt noe annet, skal all hogst i vernskog, unntatt hogst av ved til husbehov, på forhånd meldes til skogoppsynet innen en fastsatt frist. Det som skal hogges må på forhånd være blinket av skogoppsynet eller av en person som skogoppsynet godkjenner.

Før friske trær kreves blinket til husbehov, plikter skogeieren å nytte tørre (døde), vindfelte eller på annen måte skadde trær samt topp og avfall som er brukbart til formålet. Det samme gjelder den som har bruksrett til husbehovsvirke.

Barhogst og lauvhogst må bare foretas på trær som skal avvirknes innen et år. Skogoppsynet kan gjøre unntak frå denne bestemmelsen.

Forøvrig gjelder bestemmelsene i kapittel III for vernskog så langt det passer.

RETNINGSLINER FOR FORVALTNING AV VERNSKOG

I møte 16. desember 1993 vedtok fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder, med heimel i § 33 i Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965, følgjande retningsliner for forvaltning av vernskog i Aust-Agder.

1. FORMÅL

Desse retningslinene har som formål å sikre at hogst i vernskogen blir utført slik at vernskogen ikkje skal bli øydelagt av mishandling eller feilaktig hogst.

2. VIRKEOMRÅDE

Desse retningslinene gjeld for all skog over den vernskog-grensa som Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder fastsette den 16. desember 1993. Retningslinene omfattar kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åmli i Aust-Agder. Vernskoggrensa er fastsett slik at skogen over denne grensa har så vanskelege tilhøve for forynging, og så lita vekstkraft at den kan bli øydelagt av mishandling eller feilaktig hogst.

3. MELDEPLIKT FOR HOGST

Skogeigar har meldeplikt for all hogst i vernskogen. Melding om hogst i vernskogen skal sendast skriftleg til skogbruks-sjefen i kommunen seinast 1 måned før hogsten skal starte. Tilbakemelding frå skogbrukssjefen skal foreligge før hogsten blir sett i gang.

Heimelshavaren til eigedomen eller den som er gitt fullmakt til å opptre på vegne av eigaren har plikt til å gi slik melding.

Unntatt frå meldeplikt er hogst av ved til husbehov. Som husbehov reknar ein ved til bygningane på garden og eventuelle seterhus. All hogst av ved skal følgje retningsliner for forvaltning av vernskog.

Nærare reglar om krav til innhald i meldinga, bruk av melde-skjema, rutinar m.v. blir fastsett av fylkesmannen etter forslag frå kommunen.

4. GODKJENNING OG SAKSHANDSAMING

Hogst kan berre skje etter godkjenning av kommunen. Hogsten må på førehand vere blinka av kommunen eller av person som kommunen godkjenner. Utvising av hogstfelt fell og inn under omdømet "blinking".

5. RETNINGSLINER FOR SKJØTSEL OG DRIFT

Ved skjøtsel og drift i vernskogen skal det leggjast avgjerande vekt på at varmeklimaet på lokaliteten ikkje blir forverra.

Inngrep som kan føre til kaldluftsstraumar, auka frostfare og monaleg auka vindhastighet skal unngåast. Inngrepa må heller ikkje føre til auka fare for snøras, jorderosjon, sandflukt, skadeflaum e.l.

I klimatisk utsette område bør all hogst så langt det er råd utførast slik at areala over tid har preg av skog. Ved flatehogst er skogeigar forplikta til å få opp ny skog innan rimeleg tid.

Ved hogst i vernskogen er det eit vilkår at ein før hogsten tar til, legg ein plan for korleis ny skog skal etablerast. Når metoden for forynging er valt, må hogsten passast inn etter denne. Der vilkåra for forynging er vanskelege, høver gjerne "fjellskoghogst" best.

Ved drift i vernskogen skal dei vanlege reglar for fleirbruks-tilpassa skogbruk leggjast til grunn, men det skal takast ekstra omsyn til dei spesielle forholda som finst i fjellskogen slik at ein tek vare på det karakteristiske ved denne skogtypen. Det kan gjelde bevaring av kraggfuruer, tørre og vridde tre og hekketre for store rovfuglar.

Med omsyn til skjøtsel og drift blir vernskogen delt inn i følgjande 3 soner med tilhørande retningsliner for hogst m.v.

Sone 1. Øvre del av vernskogen

Den øvre sona i vernskogen strekkjer seg frå skoggrensa, (definert som "mindre enn 30 meter mellom tre som er over

3 meter høge"), ned til skoggrensa på økonomisk kartverk, (definert som "minst 6 tre pr. dekar som kan nå ei høgde på 5 meter").

I denne sona er det ikkje tillatt med noko form for hogst eller uttak av bar- eller lauvtrevirke ut over hogst av ved til husbehov.

Sone 2. Midtre del av vernskogen

Denne sona strekkjer seg frå skoggrensa på økonomisk kartverk ned til grensa for produktiv skog, (definert som "skog med tilvekst over 0,1 m³ pr. daa pr. år").

I sone 2 er det tillatt å hogge enkelttre av bar eller lauv der ny forynging er sikra, eller når det finst tilstrekkeleg med tre som kan utvikle seg og overta plass og produksjon etter dei trea som blir hogd.

Sone 3. Nedre del av vernskogen

Denne sona strekkjer seg frå grensa for produktiv skog ned til den fastlagde vernskoggrensa. I den produktive skogen skal skogeigar, før hogst kan setjast i gang, ha tatt stilling til korleis ny skog skal etablerast. Hogsten må så tilpassast dette. Ved plan om planting må skogeigar sikre seg planter av brukbar proveniens.

I Aust-Agder er skoggrensa mange stader bestemt av tilhøva i berggrunn eller jordbotn. På stader der skoggrensa kryssar vernskoggrensa og går lågare enn denne, skal det stå att eit belte med urørt skog under skoggrensa.

Det bør i klimatisk utsette område så langt det er forsvarleg nyttast fjellskoghogst. Fjellskoghogst er ein kombinasjon av gjennomhogst og gruppehogst, og skal gjennomførast slik at det etter hogst står minst 40 vekstkraftige og reaksjonsdyktige tre med høgde over 2 meter.

Der det er mogleg bør ein nytte frøtrestillingshogst og skjermstillingshogst. Tal frøtre eller skjermtre pr. dekar skal då vere angitt.

Der ein må nytte flatehogst i dei mest klimatisk utsette områda skal flatestorleiken normalt ikkje vere over 5 dekar. På visse stader der skogtilhøva og topografien krev det, og klimaet på staden tillet det, kan ein leggje ut hogstfelt på inntil 15 daa. Fylkesmannen kan etter nærare vurdering gi dispensasjon frå arealkravet.

6. AVGJERSLE

Kommunen kan gi løyve til hogst, sette vilkår for hogst og nekte hogst. Vilkår kan vere pålegg om tiltak for å få opp ny skog, endring av planlagt hogst og hogstform, krav til tal på gjenstående tre og kubikkmasse pr. dekar, reduksjon av hogstarealet, reduksjon i totalt hogstkvantum og liknande.

7. SAMORDNING MED ANDRE REGLAR

I alle driftsplanar som får offentleg tilskott skal vernskog-grensa teiknast inn på driftsplankarta. I desse driftsplanane skal likeins alle tiltak som er foreslått i vernskog vere i samsvar med retningslinene for hogst i vernskogen. Det skal og vere eit eige avsnitt om generelle tilhøve i vernskogen og om hovudinnhaldet i retningslinene for hogst i vernskog.

Offentlege tilskott til tiltak og arbeider i vernskogen blir elles gitt etter dei same reglane som gjeld for anna produksjonsskog, dersom dei er i samsvar med desse retningslinene.

Hogstplan i samband med vegbygging i vernskog skal vere i samsvar med desse retningslinene.

Skogavgift kan brukast i vernskog etter same reglar som i anna produksjonsskog så langt tiltaka og arbeida ikkje strir mot desse retningslinene.

8. KLAGEADGANG

Vedtak gjort med heimel i desse retningslinene kan påklagast til overordna myndigheit etter reglane i kapittel VI i Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven) av 10. februar 1967.

Før klage blir sendt til ankeinstansen, skal kommunen ta søknaden opp til ny vurdering etter at skogeigar har hatt høve til å uttale seg.

9. KONTROLL

Kommunen skal halde kontroll med hogstane og sjå til at eventuelle pålagde tiltak, som t.d. planting blir utført i samsvar med godkjenninga. Det skal og takast stikkprøvekontroll på minst 10 - 15 % av hogstane, og elles når kommunen finn det naudsynt.

Hogstar som ikkje er i samsvar med godkjenninga skal stoppast straks.

10. STRAFF

Brot på desse retningslinene skal handsamast etter paragraf 52 i Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.

11. IKRAFTSETTING

Desse retningslinene trer i kraft frå 1. januar 1994.

VERNSKOGGRENSER I BYGLAND

Vernskoggrensa er kartfesta digitalt i målestokk 1 : 50.000. Grensa kan og finnast på kartserien M 711, og på økonomisk kartverk (ØK).

All skog som veks over den skildra grensa er vernskog.

I medhald av § 32 i Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965 fastsett fylkeslandbruksstyret følgjande vernskoggrense i Bygland kommune.

- vernskoggrensa på aust-sida av Otra, frå kommunegrensa mot Valle til Åraksbø:

Frå kommunegrensa mot Valle går vernskoggrensa på kote 660 fram til Viardalen. Her går den tvers over dalen 150 meter vest for eit lite tjørn med høgde 643 m.o.h. Tjørnet ligg vest for Stemtjørn, i botnen av Viardalen.

Frå Viardalen heldt vernskoggrensa fram på kote 660 sørover til Sordalsheii, rundar denne og går austover mot Stemvatnet og Mjalthomtjørni. Vernskoggrensa kryssar bekken som renn ut frå Stemvatnet 200 meter sør for osen. Den følgjer så kote 660 sørover, men svingar inn i Birkenesdalen.

Vernskoggrensa kryssar Birkenesdalen nær osen av Døletorvtjørna. Grensa følgjer så kote 660 fram til rute 268-372 på M 711: 1512-4, utgåve 1970. Denne staden ligg omlag 460 meter nord for Båsvatn, på nord-austsida av ein kolle. Grensa følgjer den kortaste lina gjennom dalen på aust-sida av kollen (lengda er omlag 135 meter), til den møter kote 660.

Vernskoggrensa går så på kote 660 sørover forbi Litveit og Haugetveit til den kryssar kraftlina i Langeli. Grensa følgjer kraftlina i 110 meter, til kote 690. Herfrå følgjer grensa kote 690 rundt Eldhusåsen og fram til Skarebakken i lia nord for Strondevatnet, der den går ned på kote 660 (rute 307,5-310 på M 711: 1512-4, utgåve 1970).

- vernskoggrensa i Årdalen:

Vernskoggrensa på nord- og austsida av elva i Årdalen går frå osen av Topsæ rett nordover til kote 660, og følgjer så kote 660 sørover til kommunegrensa mot Åmli.

Vernskoggrensa på sør- og vestsida av elva i Årdalen går ut ifrå osen av Topsæ med kompassretning 200 grader, over støylen på Løyningsbu og vidare til den kryssar kote 660. Grensa følgjer så kote 660 sørover til den møter bekken frå Kollbuktjørn. Grensa følgjer bekken nedover, gjennom Teosvatn, og vidare ned til bekken kryssar kote 630. Grensa går så langs kote 630 fram til kommunegrensa mot Åmli.

- vernskoggrensa på aust-sida av Otra,
frå Åraksbø til kommunegrensa mot Åmli:

På nord-aust sida av Sandnesheii følgjer vernskoggrensa kote 660 mot sør-aust til koten møter kraftlina nord for Sandvatnet. Grensa følgjer så kraftlina mot sør-aust i 2,75 kilometer, fram til denne kryssar kote 660 like sør for Fiskebekken.

Vernskoggrensa følgjer vidare kote 660 på austsida av Jordalsvatnet, og innover dalen mot Øy. I Øyerdalen kryssar grensa dalen frå nord til sør omlag 310 meter ned for den gamle dammen i utløpet av Ekså. Her kjem det ein bekk frå nord-vest ut i åa frå Ekså. Vernskoggrensa følgjer kote 660, men i staden for å følgje koten nordover langs bekken, går den kortaste line austover til bekken i kompassretning 45 grader, følgjer bekken ned til åa, og går vidare i kompassretning 180 grader opp lia på sørsida av åa, til den møter kote 660.

Vernskoggrensa følgjer kote 660 rundt Sagaskornuten fram til Spransbekken. Grensa skifter frå kote 660 til kote 630 i Spransbekken, og følgjer kote 630 vidare sørover mot Fånefjell. Grensa skiftar frå kote 630 til kote 600 i bekken frå Tritjønna.

Vernskoggrensa går langs kote 600 frå Tritjønn-bekken til traktorvegen/stigen i Djupedal på Longerak (rute 352,2-150 på M-711:1512-3, utgåve 1979), og følgjer så stigen mot nord-aust fram til bekken mellom Builtjørn og Fisketjørn (rute 358-154,3 på M-711:1512-3, utgåve 1979). Grensa følgjer bekken omlag 250 meter nord-austover til Gamma, og går så midt gjennom Fisketjørn fram til utløpet nær Solli. Grensa følgjer bekken ned til Longerakvatnet.

Vernskoggrensa følgjer så stranda i Longerakvatnet fram til austre del av Guddalskilen, og går så rett nord (kompassretning 400 grader) til den møter kote 600.

Vernskoggrensa følgjer kote 600 vidare mot nord-aust, og kryssar tvers over dalen mellom nedre Vissje og Guddalsvatn ved å følgje bekken frå Vrångdal (stadnamn frå ØK) 100 meter aust-over til hovudåa. Grensa følgjer denne med straumen i omlag 55 meter, til ein liten bekk som renn ut på austsida av åa. Bekken kjem frå ei lita tjørn rett vest for Merratjønn. Grensa følgjer denne bekken i omlag 240 meter til den kryssar kote 600, og går langs denne kote til ho møter kommunegrensa mellom Bygland og Åmli i lia nord for Leivsvatn.

- vernskoggrensa på vest-sida av Otra:

Frå kommunegrensa mot Valle går vernskoggrensa på kote 630 til den kryssar bekken mellom Vrongevjetjørnin vest for Moi (rute 217,4-377,8 på M 711: 1412-1, utgåve 1967). Grensa følgjer så kompassretning 140 grader, fram til ein liten topp (rute 219,2-376,5 på M 711: 1412-1, utgåve 1967), der den vinklar og følgjer kompassretning 170 grader til lina kryssar kote 630. Vernskoggrensa følgjer så kote 630 til vestre Trældalen i

Skomedalen. Her kryssar kote 630 ein bekk som kjem frå eit lite vatn i høgde 803 m.o.h. sør for Kveven. Grensa følgjer bekken i omlag 350 meter ned lia, går så med kompassretning 104 grader over i ein bekk som kjem frå Kveven, og som renn ut i Stuvebekken nord for Sandvatsneset (stadnamn frå ØK). (Ver merksam på at dette er framstilt som ein bekk på M 711 kartet: 1412-1, mens det er to bekkar på ØK).

Frå utløpet i Stuvebekken (rute 210-212,5 på M 711: 1412-1, utgåve 1967), går vernskoggrensa i kompassretning 100 grader til den møter kote 630 på austsida av Trældalen, og følgjer så denne mot nord-aust.

Vernskoggrensa kryssar Birkevatsåni omlag 135 meter nord for utløpet av Birkevattn. Grensa går som ei forlenging av kote 630 frå vestsida av dalen til austsida med kompassretning 123 grader. Grensa følgjer så kote 630 fram til Tverrfjellet, der den skifter til kote 600.

Vernskoggrensa følgjer kote 600 frå Tverrfjellet til området aust for lisle Gyvatn. Frå eit punkt som ligg omlag 400 meter aust for Åsdølvadet (rute 245,5-156,9 på M711: 1412-1, utgåve 1967), fram til Hukebuåni følgjer grensa stigen på nordsida av Meleåni. (Stigen går omlag i kompassretning 295 grader). Vidare følgjer grensa åa ned til lisle Gyvatn, og fram til vika i nord-austre kant av vatnet (rute 244,8-151,3 på M 711: 1412-1, utgåve 1967). Grensa går så med kompassretning 120 grader austover til lina møter kote 600, og følgjer denne vidare sørover.

På aust-sida av Sandvikfjellet skifter grensa frå kote 600 til kote 580. Dette skjer langs ein bekk (rute 278,4-129,5 på M 711: 1512-3, utgåve 1979). Denne bekken er ikkje vist på ØK.

Vernskoggrensa følgjer kote 580 sørover, til den kryssar Veråni omlag 290 meter aust for utløpet av Ormslivatnet. Grensa går her langs grensa mellom eigedomane 54/2 og 55/1. Lenger sør kryssar grensa over utløpet av Sandtjønn, nord for Fiskeløys.

Sør for Kråkehommen følgjer vernskoggrensa kote 580 fram til staden der koten kryssar stigen som går til Sandvatn. Frå dette punktet går grensa i kompassretning 223 grader til den stad der kote 580 kryssar bekken som kjem frå Iglepott (stadnamn frå ØK).

Kote 580 kryssar dalen som går austover frå Øytjørn omlag 450 meter frå austenden av vatnet. Herfrå følgjer vernskoggrensa midten av myrane vestover til Øytjørn, går derfrå tvers over vatnet fram til utløpet, der den møter kommunegrensa mot Evje og Hornnes.

- vernskoggrensa i Logndalen:

I Logndalen går vernskoggrensa på kote 630 både på aust- og vestsida av dalen. På austsida av Beinsvatnet skiftar vernskoggrensa til kote 600 i bekken frå Myhola, og følgjer så denne kote til sør fylkesgrensa. På vestsida av Beinsvatnet

skiftar vernskoggrensa til kote 600 i bekken som kjem ut
Beinsdalen, og følgjer denne kota sør til fylkesgrensa mot
Vest-Agder.